



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Folgefonna nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæro 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5557 2026
fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/

Etne kommune
Sjoarvegen 2
5590 ETNE

Sakshandsamar Øystein Wallevik

Vår ref. 2023/15549-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 02.11.2023

Oppstartsmelding - revidering av forvaltningsplan - Folgefonna nasjonalpark - kransande landskapsvernområder

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok i 2022 at forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark, Buer landskapsvernområde, Bondhusdalen landskapsvernområde, Ænes landskapsvernområde, Hattebergsdalen landskapsvernområde og Langebudalen naturreservat skal igjennom ein revisjon. Prosessen stoppa litt opp, men vert no starta opp att. Forvaltningsmynda har erfaring med at prosessar knytta til revisjonar kan ta noko tid, og vi ynskjer å ha ein ny plan på plass innan utgangen av 2025.

Ein revisjon av forvaltningsplanen vil seie at kunnskapsgrunnlaget og retningslinjene for planen treng ei oppdatering. Sidan den forrige planen kom på plass i 2011 har vi fått mykje ny kunnskap og hausta viktige erfaringar gjennom forvaltninga. Det har dukka opp fleire nye problemstillingar som følgje av samfunnsutviklinga og teknologisk nyvinningar, som ein forvaltningsplan bør ha retningslinjer om.

Det er naudsynt å presisera at revisjonen ikkje vil vera ein omkamp om korkje vernet eller vernereglane. Verneforskriftene og grensene for områda er lovfesta og vil ikkje verte endra. Men vi set pris på alt av konstruktive innspel som kan belyse viktige tema rundt nasjonalparken.

Når forvaltningsplanen no vert revidert vert den lagt inn i ein ny og nettbasert mal for forvaltningsplanar. Då vil planen få same struktur som andre forvaltningsplanar, noko som vil gjere den meir tilgjengeleg og lettare å finne fram i.

Prosessen med revidering av forvaltningsplanen vil gå føre seg som ein vanleg, open planprosess. Dette vil seie at det vil verte fleire høve for grunneigarar, brukarar, kommunar og andre interessentar å kome med innspel og høyringsfråsegner.

Sjølve utkastet til revidert plan vil verte lagt ut på offentleg høyring. Plandokumentet vil som nemnt vere nettbasert og høyringa vil verte annonsert på ulike nettstader, Facebook og i lokale aviser. Grunneigarar vil også verte varsla via brev, anten per post eller elektronisk.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Det er oppretta ei eigen informasjons- og samleside for revidering av forvaltningsplanen. Den kan de finne her: [Nasjonalparkstyre | Revidering av forvaltningsplanen](#)

Innspel sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre på e-post: sfvlpost@statsforvalteren.no (merk med sak 2023/15549)

Eller på e-post: folgefonna@statsforvalteren.no

Eksempel på tema til innspel kan vere:

- Kva bør reknast som naudsynt lufttransport til landbruksdrift. Droner?
- Toalettproblematikk – kven skal drifte toalett ved populære utfartsplassar?
- Merking og vedlikehald av turstiar – er det stiar som treng betre vedlikehald?
- Korleis legge til rette for eit bærekraftig reiseliv med minst mogleg slitasje på naturen?
- Er det område der artar er trua eller stor slitasje krev tiltak?
- Korleis nytte skogen meir for å dempe attgroing?
- Korleis best dempe konflikhtar mellom vern, lokal bruk av området og besøkande/turistar?
- Skjøtsel av kulturlandskap – korleis kan verneområdestyret bidra til at den blir endå betre?

For spørsmål, ta kontakt med verneområdeforvaltarane:

Lars Mikkjel Hus Kråkenes lars.mikkjel.hus.krakenes@statsforvalteren.no +4755572015

Øystein Wallevik oystein.wallevik@statsforvalteren.no +4755572026

Med venleg helsing

Øystein Wallevik
Nasjonalparkforvaltar

Lars Mikkjel Hus Kråkenes
Nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent





**Folgefonna
nasjonalparkstyre**
